



Vestfold og Telemark
FYLKESKOMMUNE

Kunnskapsgrunnlag Kviteseid

Analyse som grunnlag for å vurdere omstillingsstatus – mars 2023



Innhald

| | |
|--|-----------|
| Innhald | 1 |
| Samandrag | 2 |
| 1. Bakgrunn | 3 |
| 2. Befolkning | 3 |
| 2.1. Befolkningssamansetning og -framskriving..... | 8 |
| 2.2. Bustader og fritidseigedommar..... | 13 |
| 3. Sysselsetjing og lokalt næringsliv | 15 |
| 3.1. Arbeidsstyrken..... | 15 |
| 3.2. Sysselsetjing..... | 16 |
| 3.3. Næringsstruktur | 17 |
| 3.3.1. Utvikling i næringar | 19 |
| 3.4. Dei største bedriftene i Kviteseid | 21 |
| 4. Pendling og arbeidsmarknadsintegrasjon | 21 |
| 4.1. Arbeidsplassdekning i ulike næringar..... | 22 |
| 5. Kommunikasjon og infrastruktur | 23 |
| 5.1. Vegar og fysisk infrastruktur | 23 |
| 5.2. Reisetidsanalyse | 24 |
| 6. Levekår | 25 |
| 6.1. Utdanningsnivå..... | 25 |
| 6.2. Låginntekt og fattigdom | 27 |

Samandrag

Kviteseid er ein kommune vest i Telemark som grensar til Tokke og Seljord i nord, Nome i aust, Drangedal og Nissedal i sør og Fyresdal i vest.

Kviteseid er relativt tynt folkesett, med 2452 innbyggjarar i 2022. Nær halvparten av innbyggjarane, 1076 personar, bur i tre grunnkrinsar ved Kviteseid sentrum: Kviteseid sentrum, Haukom og Lundevall. Dette bur litt fleire folk i sentrum no enn i 2001. I resten av kommunen fell innbyggjartalet.

I alt har folketalet i kommunen sokke med 8 % sidan 2001. Det har vore ein langsiktig nedgang i folketalet i kommunen, med fødselsunderskot, netto utflytting og lite innvandring. Dei siste åra har dette snudd, og særleg i koronaåra 2020 og 2021 flytta barnefamiliar frå Oslo til kommunen. Befolkningsnedgangen har stoppa opp sidan 2018.

Kviteseid har eit underskot på kvinner i fødedyktig alder, og andelen eldre vil auka mykje i kommunen, sjølv om befolkninga under eitt skulle halde seg uendra. Forsørgjarbyrda i Kviteseid vil bli stor, med mange pensjonistar og pleietrengande for kvar sysselsett.

Det blir bygd få bustader i Kviteseid, men ganske mange hytter. I tillegg har mange bustader vorte omregulerte til fritidseigedommar. Det er få hus på marknaden som er tilgjengelege for folk som ønskjer å busetja seg i kommunen.

Arbeidsstyrken i Kviteseid blir eldre saman med befolkninga. Det er vanskeleg å rekruttera til helse- og omsorgssektoren, samtidig som behovet for slike tenester vil auka.

Det har vore ein auke i talet på personar i arbeidsfør alder som får helserelaterte ytingar, frå 8,5 % i 2008 til 13 % i 2021.

Privat sektor er den største arbeidsgivaren i kommunen, med 62 % av arbeidsplassane. Talet på private arbeidsplassar har likevel falle side 2008, medan talet på offentlege arbeidsplassar har gått litt opp og ned. Det har vorte færre statlege arbeidsplassar.

Helse- og omsorg er den største næringa i kommunen, men ikkje større enn for Vestfold og Telemark i sin heilskap sett i forhold til befolkninga. Talet tilsette har auka noko sidan 2008, men ikkje veldig mykje, og ikkje i det heile samanlikna med 2015.

Bygg og anlegg er nest størst og har vore i kraftig vekst sidan 2008, følgt av undervisning (med eit stabilt tal sysselsette) og varehandel, som har sett ein stor reduksjon i sysselsetjing sidan 2008.

Kviteseid har fleire kompetansemiljø lokaliserte i Kviteseid næringshage.

Kviteseid er ein netto utpendlingskommune, og det er ein relativt stor ut- og innpendling til og frå nabokommunane.

Kviteseid ligg nær sentrale veg- og bussamband til Vestlandet og mot Oslo og Grenlandsregionen. Telemarkskanalen går gjennom kommunen.

Det er færre med høgare utdanning i Kviteseid enn i Vestfold og Telemark samla sett, men samanlikna med resten av Øvre Telemark er utdanningsnivået i Kviteseid relativt høgt. Kviteseid har også fylkets lågaste andel med vedvarande låginntekt.

1. Bakgrunn

Dette kunnskapsgrunnlaget er ein del av grunnlagsmaterialet for å vurdere om Kviteseid kommune skal få omstillingsstatus.¹ Kunnskapsgrunnlaget viser status og utviklingstrekk i Kviteseid på viktige samfunnsområde som befolkning, næring, infrastruktur og levekår. Rapporten er utarbeidd av VT+, eininga for statistikk og analyse og kart i fylkeskommunen, i samarbeid sektor for næring, innovasjon og kompetanse i fylkeskommunen og Kviteseid kommune.


2. Befolkning

Kviteseid har 2427 innbyggjarar, og er den sjetteste minste kommunen i fylket målt i folketal. Folketalet i Kviteseid har felle jamt og trutt dei siste 20 åra, og det er i dag 240 færre innbyggjarar enn i 2001, eit fall på 9 %. Det er stort sett i utkantane av Kviteseid at befolkningsnedgangen har funne stad. I sentrumskrinsane har folketalet auka med 37 personar dei siste 20 åra. 1074, eller 44 % av innbyggjarane i kommunen, bur i grunnkrinsane i Kviteseid sentrum: Kviteseid sentrum, Haukom og Lundevall)². I desse krinsane er innbyggjartalet noko høgare enn i 2001. I resten av kommunen fall folketalet med 170 det frå 2001 til 2011, og med 104 til dei siste tolv åra. Medan folketalet i kommunen sakte blir redusert, held Kviteseid sentrum stand (Figur 1).

¹ Les meir om regional omstilling på www.innovasjon norge.no/no/regional-omstilling


² Her burde me kanskje ta med Brunkeberg med 135 innbyggjarar?

Figur 1 Befolkningsutvikling i heile Kviteseid, i tre sentrale grunnkrinsar og i resten av kommunen. 2001-2023.
Kjelde: SSB tabell 04362.



2018 markerte det lågaste innbyggjartalet i Kviteseid dei siste 22 åra, men sidan har det vore liten vekst i innbyggjartalet, primært i dei mindre sentrale delane av kommunen (Figur 2).

Figur 2. Prosentvis endring i folketallet 2018-2022. Kjelde: SSB tabell 06913



Dei siste 10 åra har det vorte fødd 19 barn i gjennomsnitt per år, samtidig som det har døydd 30 personar per år. Kommunen har hatt eit fødselsunderskot kvart år sidan 2007, med unntak av 2018 og 2020 (Figur 3). Dei siste åra har Kviteseid også sett ei positiv netto innflytting, som har bidrege til at kommunen dei siste åra har hatt ein liten befolkningsvekst.


Innvandringa til Kviteseid frå andre land bidrog til å halda oppe befolkninga i åra fram til 2013, men har dei siste åra vore svært liten. Innvandrarar utgjer 9 % av befolkninga i Kviteseid i 2022.

Innvandrarbefolkning i Kviteseid har eit stort innslag av arbeidsinnvandrarar. Av dei 188 innvandrarene i Kviteseid i 2022 var 34 % arbeidsinnvandrarar, 25 % familieinnvandra og 18 % flyktningar, i tillegg til 20 % med ikkje oppgitt innvandringsbakgrunn og nokre få studentar/au pairar.

Tyskarar utgjer den største innvandrargruppa til Kviteseid, med 24 personar, etterfølgd av Nederland, Polen og Litauen.³

Kviteseid vart i perioden 2014 til 2017 bede om å busetja 10 eller 20 flyktningar i året, og enda med å faktisk busetja 17 til saman i berre to av åra, 2016 og 2017. I 2022 har Kviteseid vedteke å busetja 25 flyktningar, etter at angrepet på Ukraina har skapt ei stor flyktningkrise i Europa.⁴ Per 29. november er 13 busette. Det er ei høg grad av sekundærflytting blant busette flyktningar. Sjølv om kommunen buset 25 flyktningar i 2022 er det usikkert kva som blir dei langsiktige konsekvensane for folketallet i Kviteseid av dette.

Figur 3. Folkevekst i Kviteseid fordelt på fødselsoverskot, nettoinnvandring og netto innanlands innflytting. 2007-2021. Kjelde SSB tabell , 05426 og 05471



Når det gjeld innanlands flytting har Kviteseid lenge hatt meir utflytting enn innflytting, men dei siste åra har sett ei reversering av dette. Sidan 2018 har 75 fleire personar flytta inn enn ut av kommunen. Tilflyttinga som starta i 2018 vart forsterka i åra 2020 og 2021 som følgje av koronapandemien som førte til at fleire enn vanleg flytta ut av dei nedstengde storbyane.

Det er størst utflytting blant unge vaksne. 25-29-åringar har den største utflyttinga, følgd av aldersstrinna rundt. I aldersgruppa 20-34 er Oslo den viktigaste utflyttarkommunen. Det er like

³ SSB, tabell 09817

⁴ [Vestfold og Telemark fylkeskommune - Bosetting av flyktninger \(vtfk.no\)](https://www.vestfold-og-telemarkfylkeskommune.no/tema/2022/05/25-29-aringar-har-den-storste-utflyttinga)


mange menn og kvinner som flyttar ut i perioden 2007-2021. Seljord, Skien og Midt-Telemark og Kristiansand er dei nest største utflyttingskommunane.

Det kom flest innflyttarar frå Oslo, Seljord, Skien og Midt-Telemark i perioden 2007-2021. Det kom nesten like mange kvinner som menn (49 % - 51 %). Innflyttarane frå Oslo er i større grad barnefamiljar enn innflyttarar frå andre kommunar, men også frå Skien kjem det fleire barnefamiljar. Innflyttarane frå andre kommunar i Øvre Telemark er meir spreidd utover, og det er fleire innflyttarar i alderen 20-24 år òg. I koronaåra 2020 og 2021 var det ei auka innflytting frå Oslo, men ikkje frå dei andre kommunane i Telemark.

Figur 4 viser flyttinga til og frå Kviteseid, inkludert nettoinnvandring, fordelt på alder i åra 2010-2016 og 2017-2021. Dei store flyttestraumane finn me først og fremst blant unge vaksne. Dei flyttar ut i begge periodane i figuren. Sidan 2017 har det vore ei stor innflytting av personar over 30, og i tillegg ei viss innflytting av barn, som indikerer at det dreier seg om barnefamiljar som har flytta til Kviteseid dei siste åra.

Kviteseid har ein kristen, privat vidaregåande skule, Kvitsund Gymnas, med ca. 180 elevar. Ungdom i Kviteseid som vil gå på ein annan vidaregåande skule bur derfor stort sett på hybel i andre kommunar i vekedagane. Det kan svekkja tilhøyrsele til kommunen, og auka flyttetilhugen deira når dei blir vaksne.

Figur 4. Nettoflytting (til/frå andre kommunar og utlandet) til Kviteseid 2010-2016 og 2017-2021 etter aldersgrupper. Kjelde: SSB, tabell 13255.




2.1. Befolkningssamansetning og -framskriving

Figur 5 viser utviklinga folketalet i Kviteseid i seks aldersgrupper frå 2000 til 2022.

Det har vorte færre i aldersgruppene under 50 (blå linjer) og fleire i aldersgruppene mellom 50 og 80 år (raude linjer), medan dei eldste har halde seg rimeleg stabilt. Dette vil antakeleg endra seg når dei store barnekulla som vart fødte etter andre verdskrigen blir 80 fram mot 2030.

Figur 5 Utvikling i folketal i seks aldersgrupper 2000-2022. Kjelde: SSB, tabell 07459



Kjønnsbalansen er relativt jamn – med 51 % menn og 49 % kvinner, men ikkje jamt fordelt mellom aldersgruppene. Det er fleire menn i dei fleste aldersgrupper under 70, og eit aukande kvinneoverskot med aukande alder etter det.

Kviteseid har eit underskot på kvinner i fødedyktig alder, med berre 45 % av kvinner i aldersgruppa 20-44 år, på lik linje med Tokke og Fyresdal.

Per 1.1.2022 var 22 % av befolkninga i Kviteseid 67 år eller eldre. Fleire kommunar har ein høg andel over 67: Kragerø, Tinn, Hjartdal, Seljord og Nissedal har endå høgare andelar enn Kviteseid. I åra som kjem vil denne andelen auka mykje (sjå figur 2.6). SSB framskriv i hovudalternativet sitt at andelen vil auka til 33 % i 2050, høgast av alle kommunane i fylket saman med Tokke, Tinn, Hjartdal og Nissedal. Samtidig vil talet på personar over 80 år meir enn doble seg frå 167 til personar (7 %) til 381 (15 %) fram til 2050. Sjølv om det er uvisse om befolkningsframskrivingar, er dette noko me kan seie med stor sikkerheit, ettersom dette er 50-70-åringar som allereie bur i Kviteseid i dag. Som nemnt tidlegare er det lite flytting i desse aldersgruppene.

Det er store forskjellar mellom grunnkrinsane i gjennomsnittsalder. Setfløt har den yngste befolkninga, med ein gjennomsnittsalder på 39 år, uendra sidan 2001. I Kilen er gjennomsnittsalderen 59 år, 6 år høgare enn i 2001. Gjennomsnittsalderen⁵ for alle grunnkrinsane i kommunane for åra 2001, 2011, 2016 og 2022 og endring frå 2001 til 2022, er vist i tabell 1.


⁵ Berekinga av gjennomsnittsalder er omtrentleg. Tabellen frå SSB kjem i aldersgrupper, og eit midtpunkt i kvar alderskategori er vald som antatt gjennomsnittsalder for alle i alderskategorien. For gruppa over 80, er 85 år valde som gjennomsnittsalder.

Tabell 1 Gjennomsnittsalder i grunnkrinsane i Kviteseid 2001-2022. Kjelde: SSB tabell 04362.


| | 2001 | 2011 | 2016 | 2022 | Endring 2001-2022 |
|-------------------|------|------|------|------|-------------------|
| Lislekaas | 42 | 45 | 47 | 52 | 9 |
| Straumsnes | 39 | 43 | 47 | 51 | 12 |
| Søndre Vråvatn | 50 | 50 | 47 | 51 | 1 |
| Sinnes | 57 | 47 | 35 | 48 | -9 |
| Tveitgrend | 40 | 49 | 47 | 51 | 11 |
| Lundevall | 43 | 40 | 48 | 47 | 4 |
| Dalane | 42 | 37 | 42 | 44 | 3 |
| Ytre Morgedal | 41 | 41 | 43 | 44 | 3 |
| Nordre Morgedal | 45 | 42 | 43 | 44 | -1 |
| Ordal | 36 | 35 | 39 | 46 | 10 |
| Brunkeberg | 47 | 46 | 44 | 42 | -4 |
| Kviteseid sentrum | 41 | 46 | 45 | 45 | 4 |
| Haukom | 42 | 43 | 43 | 43 | 0 |
| Åsgrend | 36 | 45 | 46 | 50 | 14 |
| Setfløt | 38 | 36 | 40 | 39 | 1 |
| Fjågesund | 41 | 39 | 43 | 52 | 11 |
| Kilen | 53 | 59 | 57 | 59 | 6 |

Alt i alt vil befolkninga i Kviteseid halda seg rimeleg stabil ifølgje SSBs hovudalternativ, men altså med ein mykje høgare andel eldre i befolkninga. Det er verd å merka seg at andre, særleg Telemarkforskning, meiner at befolkninga i SSB framskrivingar er svært optimistiske for utkantkommunar, og at befolkninga mest sannsynleg vil halda fram med å falla i åra og tiåra som kjem.

Figur 6. Befolkning etter alder og kjønn i Kviteseid per 1.1.2022. Kjelde: SSB tabell 07459




Figur 7. Befolkning etter alder og kjønn i Kviteseid i 2050 framskreven i SSBs mellomalternativ. Kjelde: SSB tabell 12882



Forsørgjarevna viser talet på personar i arbeidsaktuell alder (16-66 år) per person under 15 år og over 67 år. Dette seier mellom anna noko om korleis befolkningsammansetninga kan påverka sosial og økonomisk utvikling. Jo høgare verdi, jo færre sysselsette for kvar eldre og pleietrengande.

Med ein verdi på 1,8 viser figur 2.7 at Kviteseid har ei relativt god forsørgjarevne samanlikna med resten av Øvre Telemark. Kommunen har altså 1,8 personar i arbeidsaktuell alder for kvar eldre og barn i kommunen. SSB framskriv i mellomalternativet sitt at forsørgjarevna vil reduserast til 1,2 person i yrkesaktiv alder per person under 15 år og over 67 år i 2050 (SSB tabell 12882). Dette er framleis betre enn fleire andre kommunar i fylket, men ein god del lågare ein Telemark samla sett, der forsørgjarevna blir spådd å vera 1,35. Det betyr også at det nærmar seg 1 person i yrkesaktiv alder per person som blir forsørgd i kommunen.

Figur 8. Forsørgjarevne - Talet på personar i yrkesaktiv alder (16-66 år) per person under 15 år og over 67 år 2022. Kjelde SSB tabell 07459



2.2. Bustader og fritidseigedommar


Det er avgrensa med bustadbygging i Kviteseid. Tabell 2.1 viser talet på bustader etter byggjeår og bygningstype.

Tabell 2 Bustader (budde i eller ikkje) i Kviteseid i 2022 etter type og byggjeår. Kjelde: SSB tabell 10149

| Byggjeår | Einebustader | Tomannsbustader | Rekkjehus, kjedehus og andre småhus | Bustadblokker | Bygning for bufellesskap | Andre bygningstypar |
|-------------------|--------------|-----------------|-------------------------------------|---------------|--------------------------|---------------------|
| 1900 og tidlegare | 180 | 4 | 0 | 0 | 0 | 5 |
| 1901-1940 | 141 | 0 | 0 | 0 | 0 | 7 |
| 1941-1960 | 243 | 6 | 0 | 0 | 0 | 7 |
| 1961-1980 | 286 | 10 | 14 | 0 | 0 | 5 |
| 1981-2000 | 237 | 12 | 17 | 0 | 10 | 17 |
| 2001 og seinare | 97 | 4 | 17 | 0 | 25 | 10 |
| Ukjent | 123 | 11 | 10 | 0 | 0 | 35 |
| Sum | 1307 | 47 | 58 | 0 | 35 | 86 |

Det er klart flest einebustader, som er vanleg i mindre byar og tettstader, og mange av husa er gamle. 564 einebustader, eller 43 %, er frå før 1960. I figur 9 ser me differansen i talet på einebustader i Kviteseid frå eit år til neste, og kallar det bustadbygging. Det har i gjennomsnitt vorte 2 fleire einebustader i Kviteseid i året i denne berekninga. Dei negative tala heng antakeleg saman med at bustader som har hatt status som einebustader har fått endra status til fritidsbustader.


Figur 9 Nye einebustader i Kviteseid 2007-2022. Kjelde SSB, tabell 06266



Det er 1288 fritidsbustader i Kviteseid, omtrent like mange som einebustader. Sidan 2007 har det i gjennomsnitt komme 37 nye fritidsbustader i året i Kviteseid, med ein klar topp i 2011 med heile 104 nye fritidsbustader (SSB, tabell 03174).

45 % av hyttene ligg utanfor fritidsbyggjeområde (Figur 10). Dei aller fleste nye hyttene blir bygde i fritidsbyggjeområde.

Figur 10. Fritidsbustader i Kviteseid etter storleik på område. 2022. Kjelde: SSB tabell 10328



3. Sysselsetjing og lokalt næringsliv

3.1. Arbeidsstyrken


Den potensielle arbeidsstyrken (personar over 15 år) i Kviteseid har vore relativt stabil sidan 2008, men han har vorte litt eldre. Figur 11 viser aldersfordeling av den potensielle arbeidsstyrken (venstre) og om dei inngår i arbeidsstyrken (dei som har eller søker arbeid), eller er utanfor arbeidsstyrken (høgre). Talet på yngre arbeidstakarar har sokke, medan talet på personar over 61 år har auka og utgjer no ein tredel av befolkninga over 15 år. Dei siste åra har delen alderspensjonistar auka frå 19 % i perioden 2008–2014 til 22 % i 2020. I same periode har andelen av den vaksne befolkninga som inngår i arbeidsstyrken sokke frå 66 % til 60 %.

Talet på innbyggjar i alderen 30-61 år har falle det meste av perioden, men som me såg i kap. 2, har dette endra seg dei siste åra. Det blir viktig for Kviteseid å halda oppe denne trenden, om ikkje arbeidsstyrken skal krympa raskare når dei eldste i arbeidsstyrken etter kvart blir pensjonistar.

Kviteseid og nabokommunane opplever at det blir stadig vanskelegare å rekruttera til helse- og omsorgssektoren: sjukepleiarar, vernepleiarar, helsefagarbeidarar og legar. Mange kommunalt tilsette i Kviteseid nærmar seg pensjonsalderen og må erstattast. Dette er ei stor utfordring i kommunen og i nabokommunane, og i litt mindre grad også i resten av landet. Det vil derfor vera vanskeleg å tiltrekke seg denne arbeidskrafta utan å tilby betre vilkår enn andre, noko som på sikt ikkje er ein berekraftig strategi og kan føra til ein usunn konkurranse om ein avgrensa arbeidskraftressurs.

Kviteseid kommune arbeider med samlokalisering og sentralisering av omsorgstilbod for å gjera meir effektiv bruk av helsearbeidarane. I tillegg bør det vurderast om det kan leggjast til rette for utdanning av desse yrkesgruppene i kommunen.

Figur 11 Arbeidsstyrken i Kviteseid. Kjelde: SSB, tabell 13563




13 % av befolkninga i Kviteseid mellom 30 og 61 år fekk uføretrygd eller arbeidsavklaringspengar i 2020. Dette er ein stor vekst frå 2008, då dette gjaldt 8,5 %. Anden unge uføre er ikkje spesielt høg, 1,9 %, og her er det snakk om få personar. Det er få arbeidsledige i Kviteseid i heile perioden, for det meste under 1 % (SSB tabell 13563).

3.2. Sysseletjing

Ved utgangen av 2022 var det 1060 arbeidsplassar i Kviteseid (sysselette med arbeidsstad Kviteseid). 671, eller 63 %, av desse var i privat sektor, medan 389 (37 %) var i offentleg sektor (Figur 11). Talet på private arbeidsplassar i kommunen har stort sett falle sidan 2008, medan dei offentlege arbeidsplassane har gått litt opp og ned. Det har vorte færre statlege arbeidsplassar, ned frå over 20 i perioden til 2018, til 12 i 2022.

Figur 12 Arbeidsplassar i Kviteseid i privat og offentleg sektor. 2008–2022. Kjelde SSB tabell 13472




Nabokommunane har stort sett hatt den same arbeidsplassutviklinga som Kviteseid sidan 2017, anten med liten eller negativ vekst i talet på arbeidsplassar.

3.3. Næringsstruktur

Figur 13 viser at helse- og sosialtenester er den næringa som sysselset flest i Kviteseid, med 22 %. Dette er litt lågare enn i fylket samla sett der andelen er 23 %. Deretter følgjer bygg- og anleggsverksemd som sysselset 20 %, dobbelt så stor andel som i fylket samla sett. Varehandel og undervisning sysselset 11 % og 9 % av arbeidstakarane i kommunen.


Figur 13. Næringsstruktur i Kviteseid 2021. Kjelde: SSB tabell 13470



Kviteseid har gått i retning av ein meir einzijdig næringsstruktur i perioden 2008-2019. Herfindalindeksen⁶, der høg verdi indikerer at kommunen er avhengig av eit fåtal næringar, viser at Kviteseid har gått frå 0,10 på denne indeksen i 2008 til 0,13 i 2022 (Panda analyse). Om ein ser på berre privat sektor, har indeksen gjort eit hopp dei siste åra frå 0,08 til 0,12. Samanlikna med kommunane omkring, er ikkje næringsstrukturen i Kviteseid spesielt einzijdig (Figur 14).

⁶ Herfindalindeksen er utforma som ein konsentrasjonsindeks. Høg verdi indikerer at kommunen er avhengig av eit fåtal næringar. Teoretisk kan indeksen ha verdien 1 dersom alle er sysselette i same næring

Figur 14. Einsidig næringsstruktur (Herfindal-indeksen). Høg verdi indikerer einsidig næringsstruktur. Kjelde: Panda analyse



3.3.1. Utvikling i næringer

Tabell 3.1 viser i talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad) i 2008, 2015 og 2021 i Kviteseid fordelt på ulike næringer.

Innan helse- og omsorgstenester, som sysselset flest i kommunen, har talet på arbeidsplassar vakse frå 2008, men ser ut til å ha flata ut sida 2015. Det er ein sterk auke i sysselsetjinga i bygg og anlegg i perioden. Det er mange sysselsette i skulen òg, men her er det ingen auke. Det er ein auke i talet på tilsette innan undervisning og ein reduksjon innan offentleg administrasjon.

Det er ein klar vekst i talet på sysselsette i teknisk tenesteyting og i informasjon og kommunikasjon. Her har talet sysselsette vakse med 22 og 16 arbeidsplassar, ein vekst på 76 % og 62 % (Tabell 3.1)

Tabell 3.1. Sysselsette etter arbeidsstad etter næring⁷. Kviteseid 2008, 2015 og 2021. Kjelde: SSB tabell 13470

| | 2008 | 2015 | 2021 | Vekst 2008-2021 |
|--|------|------|------|-----------------|
| Alle næringar | 1130 | 1133 | 1052 | -7 % |
| Helse- og sosialtenester | 213 | 236 | 234 | 10 % |
| Byggje- og anleggsverksemd | 117 | 146 | 213 | 82 % |
| Undervisning | 122 | 136 | 114 | -7 % |
| Varehandel, reparasjon av motorvogner | 156 | 131 | 94 | -40 % |
| Jordbruk, skogbruk og fiske | 77 | 59 | 57 | -26 % |
| Teknisk tenesteyting, eigedomsdrift | 29 | 33 | 51 | 76 % |
| Overnattings- og serveringsverksemd | 109 | 78 | 49 | -55 % |
| Informasjon og kommunikasjon | 26 | 32 | 42 | 62 % |
| Personleg tenesteyting | 51 | 41 | 37 | -27 % |
| Industri | 60 | 33 | 34 | -43 % |
| Transport og lagring | 55 | 86 | 34 | -38 % |
| Off.adm., forsvar, sosialforsikring | 43 | 45 | 31 | -28 % |
| Forretningsmessig tenesteyting | 30 | 26 | 21 | -30 % |
| Finansiering og forsikring | 27 | 16 | 16 | -41 % |
| Elektrisitet, vatn og renovasjon | 5 | 12 | 13 | 160 % |

Industrien sysselsette 34 personar i Kviteseid i 2021, litt over halvparten av i 2008. Dei er spreidde utover fleire industrigreiner, og ingen har fleire enn 8 tilsette. Trelastindustrien var relativt stor i 2008, med 31 arbeidsplassar. I 2021 er det 7 igjen. Det er tendensar til ein data- og elektronisk industri i Kviteseid. Denne industrien er til stades dei fleste åra, og i 2020 var det brått 22 arbeidsplassar, like mange som i 2013 og 2014. No er det tilbake til 8. Det er også 8 arbeidsplassar i mineralproduktindustrien.

Jordbruket, skogbruk og fiske er ei næring i fall i kommunen. Det var 77 sysselsette 2008, men berre 57 i 2021

Varehandelen forsyner befolkninga i Kviteseid med daglegvarer, klede, byggjevarer, bilar osb. Dette er ei næring som blir styrt av etterspurnaden lokalt, og som utgjer ein stor andel av sysselsetjinga nasjonalt. Det gjer ho også i Kviteseid, med 94 arbeidsplassar i 2021. Talet har likevel falle med 40 % sidan 2008.

⁷ Uoppgett og bergverksdrift er tatt ut av tabellen.

3.4. Dei største bedriftene i Kviteseid

Den største enkeltarbeidsgivaren i 2021, etter Kviteseid kommune, var ifølgje Proff.no⁸ Novelda AS, som produserer rørslesensarar og har hovudkontoret sitt i Kviteseid.⁹ Deretter følgjer Skorve entreprenør og Kvitsund Gymnas. Også Morgedal entreprenør er stor, og det er fleire entreprenørar òg, som MTM Anlegg og Haugo entreprenør. Straand hotell med 58 tilsette kjem også inn på topp ti-lista til proff.no. Målt i omsetning er det entreprenørane Skorve og Morgedal og Viking bygg som kjem på topp. Renovest AS, som er eit interkommunalt avfallsselskap for kommunane Fyresdal, Kviteseid, Seljord, Tokke og Vinje er også ei stor verksemd i Kviteseid.

Telemarks einaste SIVA næringshage, Telemark næringshage, har hovudkontor i Kviteseid i tillegg til lokalkontor i fleire kommunar i fylket. Det er fleire kompetansmiljø samlokaliserte med Telemark næringshage i Kviteseid næringshage. Tingretten og jordskifteretten har rettsstader i Kviteseid.

4. Pendling og arbeidsmarknadsintegrasjon

Ein pendlar er definert som ein person som har ulik bustad- og arbeidsstadskommune. SSB fører statistikk over pendling, men denne statistikken fortel oss lite om reiseaktiviteten, og skil ikkje mellom dag- og vekependlarar. Kunnskap om pendling og pendlestraumar er viktig for å seia noko om kor integrert ein kommune er i den omliggjande arbeidsmarknaden. Pendling seier noko om i kva grad kommunen greier å dekkja sitt eige behov for arbeidskraft eller om kommunen treng arbeidskraft frå andre kommunar. Stor innpendling tyder på dette, medan stor utpendling tyder på at kommunen har fleire busette enn arbeidsplassar. Det kan igjen vere eit teikn på at kommunen er attraktiv å bu i.


Kviteseid har hatt netto utpendling sidan minst 2010. Innpendling til Kviteseid har lege mellom 340 og 430 i perioden, medan utpendlinga har vore i overkant av 500 (

Figur 15).

⁸ [Proff® – Topplister](#)

⁹ Det kan hende at SSB og Proff.no tel opp arbeidsplassar på ulik måte. Det var nemleg ikkje så mange tilknytte denne industrigreina i statistikken frå SSB.

Figur 15. Pendling til og frå Kviteseid 2010-2021. Raud linje viser korleis nettoppendling har utvikla seg over tid.
Kjelde: SSB tabell 03321



Innpendling til Kviteseid kjem først og fremst frå andre kommunar i Øvre Telemark, med Seljord som klart største med 81. Tokke (43), Vinje (35) og Midt-Telemark (31) følger. Utpendlinga har eit liknande med mønster, med Seljord som viktigaste arbeidsstadskommune for folk i Kviteseid med 167 utpendlarar frå Kviteseid. Tokke (67) og Vinje (36) følger. Det er ein del kviteseingar som jobbar lenger borte. 51 har arbeidsstad i Oslo og 18 i Skien.

4.1. Arbeidsplassdekning i ulike næringer

Omfanget av pendling i ulike næringsgrupper kan gi ein indikasjon på kva delar av arbeidslivet der kommunen har overskot eller underskot av arbeidskraft eller arbeidsplassar. SSB har fordelt pendlarane i seks grupper som det kjem fram av tabell 4.1.

Sekundærnæringsane, som omfattar industri og produksjon av varer, har høg pendling. Av dei 348 sysselsette i sekundærnæringsane som bur i Kviteseid jobbar litt over halvparten (180) i ein annan kommune. Samtidig reiser 94 personar inn til Kviteseid for å gå på jobb i sekundærnæringsane der. Det er 36 % av alle arbeidsplassar i sekundærnæringsane i Kviteseid.

Innan varehandelen og dei mange andre private tertiærnæringsane, er det også betydeleg inn- og utpendling. 111 personar pendlar inn for å fylla Kviteseids 308 arbeidsplassar i denne sektoren. Det svarer til 36 %. 164 pendlar ut, 35 % av alle frå Kviteseid som jobbar i desse næringsane.

Innan helse- og sosialtenestene er omtrent like mange som pendlar inn og ut. Knapt 40 % av arbeidsstyrken jobbar utanfor kommunen, samtidig som ein like stor andel av jobbane blir fylt av utanbygdingar.

Det ser ut til vera ein grei balanse mellom utpendling og innpendling i kommunen. Mesteparten av pendlinga går føre seg til nabokommunar og kommunar i nærleiken. Vidare er fordelinga mellom

næringane rimeleg balansert, noko som indikerer at det ikkje er spesielle ubalansar i tilgangen på arbeidskraft mellom næringar i kommunen. Stor grad av pendling indikerer tett integrasjon mellom kommunane, og netto utpendling indikerer at Kviteseid er ein attraktiv kommune å busetja seg i, sjølv om jobben er i annan kommune.

Tabell 4.1. Sysselsette og pendlarar i Kviteseid etter næring. 4. kvartal 2021. Kjelde: SSB tabell 11617

| | Sysselsette med bustad i regionen | Sysselsette som pendlar ut av regionen | Sysselsette som pendlar inn i regionen | Sysselsette med arbeidsst ad i regionen |
|---|-----------------------------------|--|--|---|
| Sekundærnæringar | 348 | 180 | 94 | 262 |
| Varehandel, hotell og restaurant, samferdsel, finansten., forretningsmessig ten., eigedom | 361 | 164 | 111 | 308 |
| Off.adm., forsvar, sosialforsikring | 52 | 29 | 11 | 34 |
| Undervisning | 122 | 39 | 29 | 112 |
| Helse- og sosialtenester | 241 | 95 | 89 | 235 |
| Andre næringar | 121 | 31 | 10 | 100 |

Ein nærare analyse av nettoppendling i meir detaljerte næringsgrupper viser at det er netto utpendling innan dei aller fleste næringsgruppene, og berre ein liten (maks 6 personar) netto innpendling innanfor teknisk tenesteyting, IKT og finansiering og forsikring (SSB, tabell 13470).

5. Kommunikasjon og infrastruktur

5.1. Vegar og fysisk infrastruktur

Vegsystemet er viktig for ein distriktskommune som Kviteseid. Personbil er det dominerande transportmiddelet. Rv. 41 kommer frå Sørlandet, gjennom Nissedal til Kviteseidbyen og Brunkeberg kor den møter E134. E134 (Haukeliveien frå Notodden og Kongsberg og over fjellet til Vestlandet) kryssar kommunen nord ved Brunkeberg, ikkje mange kilometer frå Kviteseidbyen.

Bussrute 102 går frå Fyresdal gjennom Kviteseid til Seljord, der Telemarkekspressen går til Skien. Derfrå kan ein også ta Haukeliekspressen via Kongsberg til Oslo, eller vestover til Haugesund, med korresponderande ruter til Bergen og Kristiansand. Det er 5 avgangar dagleg frå Kviteseid til Seljord i vekedagane og 2 i helgane. Telemarkekspressen reiser 11 gonger kvar vekedag fram og tilbake til Skien. Haukeliekspressen har 5 daglege avgangar austover, og 3 vestover.

Telemarkskanalen går gjennom Kviteseid, på Flåvatn, Kviteseidvatn, opp Strauman og Bandak, og kryssar Rv 41 nord i Kviteseidvatnet. Kanalbåtane har stopp ved Fjågesund, Kviteseid og Spjotsodd.

Telemarkskanalen er ei viktig ferdselsåre for turistar, og er viktig for reiseliv i Kviteseid og dei andre kommunane langs kanalen

Kommunen har elles 107 km fylkesveg, 52 km kommunal veg og 197 km privat veg. 4 km er tilrettelagde for sykkel. (SSB tabell 11845).


5.2. Reisetidsanalyse

Kor lang tid det tek å reisa seier noko om høvet kviteseidningane har til å reisa til andre kommunar for jobb, handel og aktivitetar, og høvet til å trekkja folk til Kviteseid.

Figur 19 viser kor langt ein kjem med bil dersom ein køyrer i skilta fart under vanlege køyreforhold innan 15 minutt, 30 minutt, 45 minutt, 60 minutt 75 minutt og 90 minutt køyretid frå kommunehuset i Kviteseidbyen. Figuren viser også talet på innbyggjarar, talet på verksemdar og talet på arbeidsplassar innan ulike reisetider.

Dei aller fleste daglege pendlarreisene skjer innanfor 45 minutt køyretid. Innan 45 minutt køyretid kjem ein både til Vrådal og til kommunesentera i Seljord, Hjartdal, Midt-Telemark og Vinje og Tokke. Me ser også ein del pendling mellom nettopp desse kommunane. Dette er likevel kommunar som har mange av dei same utfordringane som Kviteseid når det gjeld befolkningsamansetning, arbeidsplassvekst og det å tiltrekkja seg rett kompetanse.

Figur 16. Reisetidsanalyse for Kviteseid. Kjelde: Statens vegvesen og SSB




6. Levekår

6.1. Utdanningsnivå

Eit høgt kompetansenivå i befolkninga kan gjera kommunane betre i stand til å omstilla seg og skapa nye næringer. Me har ikkje direkte kunnskap om kompetansenivået blant innbyggjarane i Kviteseid, men me veit kor stor andel av befolkninga over 16 år som har fullført ulike nivå av formell utdanning.


Figur 20 viser at utdanningsnivået har auka mykje i Kviteseid dei siste 20 åra. Medan 16 % av innbyggjarane over 16 år hadde høgare utdanning i år 2000 har dette auka til 29 % i 2020. Det har vore ein liten nedgang i andelen med vidaregåande skule som høgaste fullførte utdanningsnivå, medan andelen som berre har grunnskule som høgaste fullførte utdanning har vorte kraftig redusert – frå 36 % i år 2000 til 25 % i år 2020.

Figur 20. Høgaste fullførte utdanningsnivå blant befolkninga over 16 år i Kviteseid. Kjelde: SSB tabell 09429



Figur 17 viser at Kviteseid har ein relativt høg andel med høgare utdanning. Du må til dei store byane i Grenland og Vestfold for å finna høgare andelar med universitets- eller høgskuleutdanning.

Figur 17. Andel med høgere utdanning 2021. Kjelde: SSB tabell 09429




6.2. Låginntekt og fattigdom

Nedgang i sysselsetjing kan føra til at fleire permanent fell utanfor arbeidsmarknaden, noko som mellom anna kan påverka inntektsnivået og omfanget av låginntekt og fattigdom. Figur 6.3 viser andelen personar i kvar kommune som over ein periode på tre år har lågare inntekt enn 60 % av medianinntekta i kommunen.¹⁰

I 2017–2019 hadde 7 % av innbyggjarane i Kviteseid vedvarande låginntekt, den lågaste andelen i fylket. Det har vore ein viss auke i andelen frå tidleg 2000-tal, då han låg i underkant av 7 %.

¹⁰ Vedvarande låginntekt er berekna ved å slå saman inntektene til hushaldet over ein treårsperiode, og dele denne summen på tre. Grensen for låginntekt blir berekna ved å sjå på medianen for kommunen i same treårsperiode. Låginntektsgrensa er i dette tilfellet 60 % av medianinntekta. Hushalda som har ei gjennomsnittleg samla inntekt under den gjennomsnittlege låginntektsgrensa for dei same åra, har vedvarande låginntekt.

Figur 18. Andel som bur i hushold med vedvarande låginntekt etter kommunale grenser for låginntekt. 2017-2019.
Kjelde: KommuneHelse statistikkbank





Vestfold og Telemark fylkeskommune
vtfk.no

Vestfold og Telemark fylkeskommune
vtfk.no

Postadresse: Postboks 2844, 3702 Skien

Besøksadresser: Fylkesbakken 10, Skien / Svend Foynsgate 9, Tønsberg

Kontakt: 35 91 70 00 / post@vtfk.no

Postadresse: Postboks 2844, 3702 Skien

Besøksadresser: Fylkesbakken 10, Skien / Svend Foynsgate 9, Tønsberg

Kontakt: 35 91 70 00 / post@vtfk.no